



Stølslaget Murkelie i Vestre Slidre statsallmenning. Foto: Yngve Rekdal

## Vegetasjon og beite i Vestre Slidre statsallmenning og Grunke Sameie

**Dette fjellskog- og lågfjellskapet på vestsida av Valdresdalføret har gjennom tidene vore svært hardt nytta. Sjølv om utmarksbruken framleis står sterkt og området har mange aktive stølar, skjer det ei tilgroing på tidlegare opne areal. Skal det historiske landskapet med verdier knytt til beite, biologisk mangfald og oppleving takast vare på, må det også haustast.**

NIBIO har vegetasjonskartlagt eit 210 km<sup>2</sup> stort område i Vestre Slidre kommune i Innlandet fylke, på oppdrag frå kommunen. Arealet omfattar det meste av Vestre Slidre statsallmenning og Grunke Sameie. Det er framstilt vegetasjonskart og to avleia

temakart kring utmarksbeite for sau og storfe. Dette er eit utvida samandrag av rapporten «Vegetasjon og beite i Vestre Slidre statsallmenning og Grunke Sameie», NIBIO rapport 9 (45) 2023.



Flatlendt og karakteristisk lågfjellsvegetasjon sett frå Syndin vest. Ved Gilafjellet inst på biletet ser ein soneinndelinga frå bjørkebeltet nedst, opp til ur og blokkmark i høggalpin sone øvst (Foto: Yngve Rekdal).

## NATURFORHOLD

Det meste av terrenget er eit roleg fjellskog- og lågfjellandskap frå 800–1200 moh. og 82 % av arealet ligg under skoggrensa som går kring 1100 moh.

Tre markerte fjellparti, Gilafjellet, Gråkampen og Grønsennknippa utgjer areal i den mellomalpine sona, som går 1300–1400 moh.

Berggrunnen i området er mest vitterleg fyllitt, medan fattigare berggrunn kjem inn kring dei høgareliggende partia og i Baklie. Området har jamn dekning av lausmassar, i hovudsak morene. Den rike berggrunnen gjev først og fremst utslag i plantedekket der vassforsyninga er god.

## DOMINERANDE VEGETASJONSTYPAR

Området har mange stølslag med mykje dyrka mark og beitevollar. Den harde utmarkshaustinga frå tidlegare tider har avskoga mykje areal, og stadvis er skoggrensa seinka fleire hundre meter. Difor er rishei dominerande vegetasjonstype under skoggrensa, med 28 % arealdekning. Blåbærbjørkeskog og engbjørkeskog dekkjer høvesvis 24 % og 9 %. Forsumpa areal, med grasmyr (9 %) som den vanlegaste myrtypen, dekkjer tilsaman 28 % under skoggrensa.

I fjellet er risheia dominerande med heile 49 % av arealet. I lesider og flater i lågfjellet er risheia særleg dominerande. Lavhei har 12 % arealdekning og finst

på eksponerte rabbar. Høgstaudeeng, den mest produktive vegetasjonstypen i fjellet, dekkjer 5 %. Høgt i fjellet er det og noko grassnøleie med 3 %, medan tørrgrashei dominerer i mellomfjellet og dekkjer 14 % av fjellarealet. I fjellet er det lite myrreal, grasmyr dekkjer 4 % og rismyr dekkjer 2 %.

## BEITEKVALITET

Av tilgjengeleg utmarksbeiteareal utgjer nyttbart beiteareal 74 % for sau og 78 % for storfe. Dette er det arealet som har såpass god beite kvalitet at det gjev beitedyr tilvekst av betydning. Av det nyttbare arealet er 16 % i den beste beiteklassa *svært godt beite*. Samla kjem området ut nokså likt det som er registrert i Svennes og Ulnes sameiger lenger sør på Stølsvidda og noko lågare enn nord i Vang kommune. Store høgdeforskjellar og vekslende topografi gjev varierte tilhøve for husdyrbeite i området, og best utnytting får ein ved bruk av fleire dyreslag da desse utnyttar beitet ulikt.

I skogen utgjer område med høgt innslag av engbjørkeskog dei beste beiteareala; som lisida ned mot Svenskefjorden frå Grønsenn til Nøsen og liene kring Gråkampen frå Grunke til Halvorstølen. I Baklie har den dominerande blåbærbjørkeskogen jamt bra med smyle, og gjev brukbare beiter.

I fjellet er risheia viktig, då denne typen dekkjer så store areal. Frisk rishei finst til dømes i lisida opp mot

Gilafjellet. Her er det og innslag av høgstaudeeng, lågurteng og grassnøleie som gjev høg beiteverdi for sau. Også det store viddeområdet frå Syndin mot Grønnsenn har og jamt over ei frisk rishei som gjev gode beiter.

### BEITEKAPASITET

Ut frå den kartlagte fordelinga av beitekvalitetar er det berekna en samla beitekapasitet på om lag 9 000 fôreiningar per dag i kartområdet. I ein saueflokk med normalt lammetal reknast eit gjennomsnittleg dagleg fôrbehov per dyr til ein fôreining. For ungdyr av NRF-rase er tilsvarende tal 5 fôreiningar, medan det for geit reknast 1,5 fôreiningar per dag. Set ein av  $\frac{3}{4}$  av beiteressursen til sau og  $\frac{1}{4}$  til storfe, kan det ut i frå berekningane være plass til om lag 6 800 sau og 450 storfe. Talet forutset ein nokolunde jamn fordeling av dyr over heile området. Truleg kan området tole eit endå høgare dyretal, men da må ein og forventa dårlegare tilvekst som følgje av beitekonkurranse. Samstundes må det understrekast at berekning av beitekapasitet er vurderingar med stor usikkerheit. Sikrere tal kan finnast ved å følgje med i bruken av området, utviklinga i vegetasjonen og vektene frå dyr på beitet.

Beitebruken i området er for ein stor del organisert gjennom Baklie-, Murkelie- og Syndin beitelag. Det er berekna at det i 2022 vart sleppt omlag 1 800 sau, 700 storfe og 50 geiter i kartområdet. Desse dyra

hausta i gjennomsnitt 4 600 fôreiningar per dag om ein tek omsyn til at storfe har kortare beitesesong og at dyra tek mykje fôr frå stølsvollar. Dette vil igjen seie at om lag halvparten av beiteressursen i utmark vart nytta.

### SKJØTSEL AV BEITE, KULTURLANDSKAP OG BIOLOGISK MANGFALD

I 2022 var det 31 stølar med mjølkeku i drift i kartområdet. Medan tal storfe i utmark i Vestre Slidre samla har halde seg nokolunde stabilt sidan 1995, er sauetallet bortimot halvert. Går vi lengre tilbake i tid var bruken knytt til utmarkshausting av mange slag, og områda mellom Gudbrandsdalen, Valdres og Hallingdalen har vore av dei hardast nytta fjellområda våre. Hogst, beiting og riving av buskvekstar laga store snuareal både på dei lågtliggjande viddeområda og i lisona opp mot fjellet.

I kartområda er det gamle haustingslandskapet no på veg tilbake til naturtilstanden. Allereie har det endra seg mykje, og utviklinga held fram i stor fart. Den mest synlege endringa er at tidlegare opne areal blir tresett med bjørk, og at grana kryp oppover og innover viddene. Men også busk- og feltsjiktet er i endring. På fattig mark kjem det inn dvergbjørk, einer og lyng. På rik mark skjer endringane raskare og det er desse endringane som påverkar både beitelandskapet og det biologiske mangfaldet mest. På rik mark både



Sau på beite i engbjørkeskog ved Grønnsenn (Foto: Yngve Rekdal).



Det er viktig at storfe er til stades skal ein få god kultivering av utmarksvegetasjon. Her frå Snorheimstølen. (Foto: Magnus Stenbrenden).

i utmarka og kring stølsлага, slår vieren opp, og eine-  
ren er ei pionerplante på all slags kulturmark i attgro-  
ing. I engbjørkeskog med lågt beitetrykk gror feltsjik-  
tet totalt att med høge urter som skuggar ut graset,  
på same måte som vieren veks til i høgstaudeengene.  
Den store landskapsendringa som går føre seg gjer at  
mykje av dei tidlegare beste beiteareala no får ein  
redusert beiteverdi.



Beitevollane er kanskje det viktigaste arealet å skjøtte, både med omsyn til beitetilgang og kulturlandskap med eit særlege biologisk mangfald (Foto: Magnus Stenbrenden).

Med dagens beitebruk vil ein ikkje kunne kultivere alt  
areal, difor er ein nøydt til å prioritera. Styrkt beiting  
og høgt beitetrykk vil mange stader vera naudsynt,  
men har attgroinga kome langt må ein òg sette inn  
rett beitedyr. Geita et mykje lauv og kratt og er kan-  
skje det beste ryddemannskapet. Fleire storferasar  
har og høgt lauvinnslag i dietten og har stor trakkef-  
fekt. Maskinell krattknusing kan utførast på rik mark  
der ein kjem til. Beitevollane er det viktigaste arealet  
å rydde både for beitetilgang og kulturlandskap, og er  
særleg viktige der beite kvaliteten i utmark er låg.  
Tynning av tett engbjørkeskog er eit anna tiltak det  
kan vera mykje å hente på. Forsøk har vist at produk-  
sjonen i undervegetasjonen kan aukast 2–3 gonger, og  
både sukkerinnhold i plantene og smaklegheit betrast  
ved auka lystilgang.

Uansett kva tiltak ein set inn av hogst, tynning og  
rydding, så må det vera beitedyr til stades i etterkant  
skal slike tiltak ha varig verdi. Større samanhengande  
utmarksareal utanom der traktoren kjem til, er det  
berre ei levande beitenæring som kan skjøtte.

---

FORFATTERE:

Ragnhild Mobæk og Magnus Stenbrenden